



Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har det overordna ansvaret for helsepolitikk, folkehelse, helsetenester, kommunale tenester til eldre og funksjonshemma, helselovgjeving og delar av sosiallovgjevinga i Noreg.

Førstekonsulent/rådgjevar i primærhelsetenesteavdelinga

Stillinga er i seksjon for helsetenester og økonomi. Seksjonen har ansvar for helsetenester i kommunen; fastlegeordninga, fysioterapi- og rehabiliteringstenester, helsestasjons- og skulehelsetenesta m.m.

I tillegg koordinerer seksjonen arbeidet avdelinga gjer med digitalisering i kommunale helse- og omsorgstenester og arbeidet med budsjett, og har fleire andre koordineringsfunksjonar for HOD.

Arbeidsoppgåver

Den nye kollegaen vår skal delta i seksjonen sitt arbeid med å koordinere budsjett- og økonomiarbeidet for avdelinga og med seksjonen si eiga budsjett- og økonomioppfølging. I tillegg skal han/ho delta i seksjonen si etatstyring av Helsetilsynet, fylkesmenn og Undersøkingsskomisjonen. Andre koordineringsoppgåver og anna sakshandsaming innanfor seksjonen sitt ansvarsområde er òg aktuelle.

Eigenskapar vi ser etter

Vi søker deg som

- er sjølvstendig, strukturert og leveringsfør
- har gode samarbeidsevner
- er initiativrik og resultatorientert med vilje og evne til å arbeide tverrfagleg
- har gode analytiske evner
- er raus og har godt humør

Vi legg særleg vekt på om du høver som person.

Krav til kvalifikasjonar

Vi krev

- samfunnsøkonomisk, helseadministrativ eller anna relevant utdanning på mastergrads-/hovudfagsnivå el. tilsvarende.
- god skriftleg og munnleg framstillingsevne på norsk.

Vi tilbyr

- Fast stilling
- Stillingsbrøk: 100 %
- Eit spennande og fagleg utfordrande miljø med gode høve til utvikling
- Eit godt arbeidsmiljø med kompetente og trivelege kollegaer
- Løn kr 460 000 - 530 000. For særskilt kvalifiserte søkerar kan høgare løn vurderast.
- God pensjonsordning
- Fleksibel arbeidstid
- Trening i arbeidstida

HOD har som personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetnad, å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn, å rekruttere personar med nedsett funksjonsevne, og å rekruttere uavhengig av livssyn og seksuell orientering. Vidare ønskjer vi oss fleire menn på arbeidsplassen vår, og oppmodar difor menn til å søkje.

Du får meir informasjon om stillinga ved å kontakte avdelingsdirektør Maren Skaset tlf.: 22248588

Jobbnorge-ID: 163367, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut